



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjerådet, Mellomkyrkjeleg råd, Samisk kyrkjeråd

### Ungdommens kyrkjemøte 2007

## UKM 09/07 Revisjon av ordning for bispenominasjon – Grupper som har røysterett ved bispenominasjon/bispeval

### Vedtak

Ungdommens kyrkjemøte er einig i at det er nødvendig med ein revisjon av ordninga for bispenominasjon når det gjeld kva for grupper i kyrkja som har røysterett ved nominasjon/bispeval. Gjennom historia har ein ved fleire høve tilpassa denne ordninga til endringar i samfunn og kyrkje.

UKM set stor pris på og støttar i hovudsak resonnementet og tilrådingane som er gjort i saksframlegget til UKM, men trur at det kan bli betre på nokre punkt:

#### Sentral- eller heilskapskyrkjelege aktørar med røysterett:

UKM støttar demokratiseringsprosessen i kyrkja der røysteretten til prostane og teologi-professorane i landet blir erstatta med røysteretten til dei geistlege og leke medlemer av Kyrkjemøtet, inklusive delegatane frå UKM, Ungdomsutvalget for Den norske kyrkja og representantane for dei teologiske fakulteta.

#### Grupper i bispedømmet som har røysterett:

UKM meiner at det er naturleg etter at ein i mange år har bygt opp ein struktur for ungdomen sin representasjon i bispedømmet med ungdomsting og ungdomsråd, at ungdomsrådet i det aktuelle bispedømmet hadde fått røysterett ved bispenominasjon/bispeval i bispedømmet sitt.

UKM ønskjer vidare at ein ser på moglegheita for at delegatane frå UKM også får alminneleg røysterett på heile KM.

---

Samrøystes vedteke.

Med atterhald om språklege endringar.